



Nils Einar Kjøsnes med avgnaga grantre i bakgrunnen. Foto Helga Kvamsås.

Økologisk geitehald - God mjølk hos Eli og Nils Einar Kjøsnes

Britt I. F. Henriksen, Bioforsk Økologisk
Helga Kvamsås, TINE Meieriet Vest
Kontaktperson: britt.henriksen@bioforsk.no

Ei utfordring i økologisk geiteproduksjon er å halde kraftfôrnivået nede med samtidig god mjølkekvalitet. Eli og Nils Einar Kjøsnes har levert 100 % Elitemjølke i fleire år og har ingen merknader for smaksfeil i mjølka. Samtidig har dei lågt kraftfôrnivå.

Eli og Nils Einar Kjøsnes tok over garden, som ligg i Skei i Jølster, i 1992. Geitemjølkkvota var lita, det var godt med areal og rikeleg grovfôr. Dermed vart kunstgjødsla utkutta, og første steg mot økologisk produksjon var teke. Sprøytesertifikatet sette ein del tankar i sving og bidro endå meir til å tenkje økologisk produksjon som eit alternativ. I 1997 var garden DEBIO-godkjent.

Mjølka vert levert til TINE Meieriet Vest sitt anlegg på Byrkjelo til produksjon av G 35 og Ekte Geitost. Ved behov vert mjølka frå distriktet køyrt til anlegget i Ørsta der ein produserer Snøfrisk Kremost og Snøfrisk Kvit Geitost. Sistnemnde er ein rein geitemjølksost av fast type som krev svært god råstoffkvalitet både når det gjeld

tørrestoffinnhald, innhald av frie feittsyrer og smak.

Driftsopplegg

Eli og Nils Einar har ei mjølkekvote på 51.000 liter produsert på nær 100 årsgeiter. Avdråttsnivået låg i 2006 på 500 kg pr. årsgeit. Kjeingstida er mars/april. Alle kje vert tekne vare på. Kjea får amme geitene i 5 - 6 veker, deretter vert dei sleppt på beite. Eli og Nils Einar har i tillegg til mjølkegeitene ca 20 ammegeiter. Kje og ammegeiter vert bruka i eit landskapspleieprosjekt i nærområdet til kommunesenteret Skei. I tillegg driv dei med hytteutleige, og garden har eige foredlingsanlegg der dei foredlar og sel produkt av ressursar på garden, - geit, kje, hjort og aure.

Beiteslepp er vanlegvis i midten av mai. Då flyttar geitene inn til sommarfjøsset som ligg 3 - 4 km lenger inne i fjorden. Geitene er her fram til oktober og nyttar beita i dei bratte liene. Dersom kvota ikkje er fylt i oktober, føregår siste del av mjølkeperioden heime.

Mjølkekkvalitet

På Kjøsnes er dei opptekne av å produsere mjølk av god kvalitet. Dei største utfordringane er å halde tørrstoffnivået høgt, og innhaldet av frie feittsyrer lågt i beiteperioden. Dei vanskelegaste månadene er nok juli og august da beitekkvaliteten gradvis går tilbake og geitene har mjølka i 3 - 4 mnd og brukt opp ein del kroppsreservar. Mjølkekkvaliteten har jamt over vore god. I gjennomsnitt for 2006 var tørrstoffinnhaldet i mjølka 10,8 %. Feittsyreinnehaldet i mjølka har stort sett vore tilfredsstillande. Berre eit par prøvar i overgangen juni/juli viser høge syretal på 2,0. Dei har levert 100 % Elitemjølke i fleire år og har ingen anmerkingar for smaksfeil i mjølka.

Grovfôr

Garden er på 84 daa fulldyrka jord. Enga vert slått tidleg, ved begynnande skyting. Er været lageleg greier dei å få gras i hus på 3 - 4 dagar. Tyngda av gras vert lagt i silo, og noko brukt som høy. Dei lagar også ein 15 - 20 rundballar som blir bruka om hausten. Dei brukar noko ensileringsmiddel i rundballane, men elles ikkje.

Fôring i tørrperioden

Geiteflokken har ein tørrperiode på minst 3,5 mnd. Dette gir geitene høve til å bygge opp hold på mykje grovfôr, noko han meiner er viktig. Geitene blir fôra etter appetitt med grovfôr.

Nils Einar gir geitene berre ein liten smak med kraftfôr i tørrperioden. Etter jul får han tak i mykje juletre som geitene får gnage. Han let dei også få inn bjørkestokkar i bingane. Dette hindrar gnaging på treinnreining og det er godt for geitene å få gnage bork og tre.

Fôring i innefôringsperioden fram til beiteslepp

Geitene har tilgang til grovfôr heile døgnet, og der er 20 - 25 % restar. Geitene får 0,6 kg Natura Drøv 40 to gonger per dag.

Fôring i beiteperioden

Ved beiteslepp vert kraftfôrmengda redusert til 0,4 kg. Geitene er berre inne til mjølking og har høve til å beite heile døgnet. Døgnbaiting bidreg til høgare fôropptak og betre energidekning på beite. Kraftfôrmengda vert gjerne auka til 0,5 - 0,6 kg i august/september. Dei startar tilleggsfôring med grovfôr i september. Det vert fôra med rundballar i fôrhekk utanfor sommarfjøsset.

I oktober vert geitene tekne heimatt. Er ikkje kvota full, produserer dei resten på garden heime. Då er det full innefôring og kraftfôrnivået er oppe på 0,6 kg.

Bruket har eit driftsopplegg med moderat avdrått på geitene og eit moderat kraftfôrforbruk. Med det fôringsopplegget dei praktiserer har dei lukkast bra.

Temaarket er utarbeida i samband med Pilotprosjektet «Utvikling av økologisk geitehold», prosjekteigar Fylkesmannen i Nordland.

<http://www.fylkesmannen.no/fmt>
(prosjekter, økogeit).

Fagredaktør denne utgaven:
Atle Wibe, Bioforsk Økologisk

Ansvarlig redaktør:
Forskningsdirektør Nils Vagstad, Bioforsk

ISBN-13 nummer: 978-82-17-00207-9
www.bioforsk.no

Bioforsk:

Trygg matproduksjon, rent miljø og økt verdiskaping basert på langsiktig ressursforvaltning

- Lokalisert over hele Norge
- Organisert i sju sentra
- 500 medarbeidere
- Omsetning 320 mill. kr



Bioforsk, Fr. A. Dahlsvei 20, 1432 ÅS
Tlf. 03 246
Faks. 63 00 92 10
post@bioforsk.no